

## **Dramagruppa**

Dramagruppa har i 2010 hatt fire tekstframføringar og to dramastykke på gudstenestene på Lyefjell Forsamlingshus. Målgruppa har først og fremst vore dei vaksne tilhøyrarane.

Gruppa samlast til øvingar på tysdagar, og har i vårsemesteret hatt fire medlemmar og i haustsemesteret tre medlemmar. Leiar er Sigurd Idland. Andre medlemmer er Kåre Hetland, Søren Müller og Torill Sandsmark. Me har hatt ønske om å rekruttera fleire medlemmer, men dette har vist seg vanskeleg. Med fleire medlemmer kunne me hatt fleire oppdrag, vore meir slagkraftige og hatt større stabilitet i periodar med sjukdom.

Øvingane startar alltid med bønn og prat, før me går over på dagens øving.

Dramagruppa ønskjer å bruke kreativitet i evangeliet si teneste. Me ønskjer å vera med å bera fram eller understreka budskapet på gudstenestene. Gjennom drama ønskjer me å utfordre på tematikken i sundagens preike, eller å bera fram tekstutdraget på ein nær og engasjerande måte. I alt ønskjer me å tena og æra Jesus med vår teneste!

Sigurd Idland  
leiar for dramagruppa